

Står du i manntalet?

For å kunna stemma ved kommune- og fylkestingsvalet 12. september må du vera ført opp i manntalet.

Kven har stemmerett:

Norske statsborgarar som:

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret, og som er eller nokon gong har vore folkeregisterførte som busette i Norge, og som ikkje har mist stemmeretten sin etter Grunnlova § 53.
- Tilsette i diplomatiet eller konsulatstellet og husstanden deira har stemmerett sjølv om dei ikkje oppfyller busetjingskriteriet.

Ikkje-norske statsborgarar

- dersom dei har vore innførte i folkeregisteret som busette i Norge dei tre siste åra før valdagen, eller er statsborgar i eit anna nordisk land og har vorte folkeregisterførte som busette i Norge seinast 30. juni i valåret.
- Utanlandske statsborgarar som melder flytting ut av Norge før valdagen, mister røysteretten.

Manntalet for alle kretsane i Klepp kommune blir lagt ut til offentleg ettersyn frå slutten av juli til og med valdagen 12. september, i resepsjonen og på biblioteket i Klepp rådhus.

Dersom du nyleg har flytta og melding om flytting ikkje er motteke i tilflyttingskommunen sitt folkeregister innan 30. juni 2011, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå.

Du kan då velja om du vil stemme på valdagen i den kommunen du flytta frå, eller om du vil førehandsstemme. Står du ikkje oppført i manntalet, eller det er andre feil i listene, kan du senda skriftleg klage med grunngjeving til valstyret snarast mogleg.

Valstyret vil behandla klager og retta eventuelle feil i manntalet så lenge det er praktisk mogleg fram mot valdagen.

Adressa til valstyret er: Postboks 25, 4358 Kleppe.